

Henjaelvi – vasskjelde

Henjaelvi – viktig råvasskjelde

Henjaelvi er hovudvassdraget i Leikanger kommune. Elva renn gjennom heile Henjadalen, deretter gjennom Hagane, passerer Lakshøl og langs Lundene (vest) og Riverdalen (aust). Henjaelvi renn ut i Sognefjorden, midt i sentrum.

Vasskjelde for innbyggjarar og næringsliv

Elva har i generasjonar sikra drikkevassforsyninga, gitt jordbruket vatningsvatn og sikra vatn til næringsverksemder. Innatket til vassverket som leverer drikkevatn er ved bommen i Henjadalen. Sognekraft AS har konsesjon til ei samla kraftutbygging i Grindselvi og Henjaelvi. Kraftutbygginga tek særlege omsyn til drikkevassforsyninga, og vassinnatket vert flytta framover i dalen. Kraftutbygging må ta omsyn til Henjaelvi som fiskeelv og populært friluftsområde.

Grunnlag for industri i Hagane og Riverdalen

Henjaelvi har sidan slutten av 1800-talet vore avgjerande for at industriverksemder har etablert seg langs elva. Elva er viktig også i dag, blant anna for Marine Harvest. Verksemda sitt settefiskanlegg hentar råvatn fra Henjaelvi til yngelproduksjonen.

I 1911 etablerte Larsens Uldspinderi, tidlegare Larsens Dampfarveri, seg tett ved fossen i Hagane. Lokaliseringa var gunstig, nært til vatn og eit fossefall som blei nytta i kraftproduksjon. I 1913 tok Sygna Uldvarefabrikk over ullspinneriet og i periodar var det stor aktivitet i Hagane, heilt ut på 1970-talet. På dagar med fargeing kunne Henjaelvi renne forbi Lakshøl og nedetter Riverdalen i ulike fargetonar: ein dag grøn, andre dagar blå eller raud.

Nær elveosen, i sentrum, låg to andre viktige industriverksemder: Sildehermetikkfabrikken «Silden» og saft- og syltetøyfabrikken «Saften». Sjølv om vatn var ein viktig ressurs i saft- og syltetøyproduksjonen, så brukte ikkje «Saften» vatn frå Henjaelvi. «Saften» hadde si eiga vasskjelde frå det som blei kalla «Drægni-bekken». «Drægni-bekken» i Hagane ga også drikkevatn til fleire bruk i området. For både «Silden» og «Saften» var Henjaelvi derimot viktig vasskraftkjelde. HM Knutsen, som dreiv «Silden», forsynte begge fabrikkane frå eige kraftverk, med namnet «Hermansverk Elektroverk». Demninga ved Lakshøl står framleis att som minne.

Lakshøl Sølgrube


Lakshøl har også ei anna spennande historie: I 1880-åra kom folk på sporet av edelt metall og mange leita etter rikdomar i fjell. Alle som hadde skjerpesetel (lisens) kunne leite etter malm. Funn måtte meldast til lensmannen. I Leikanger-lensmannen sin protokoll frå 1884, er det registrert funn ved Lakshøl. Etter nokre år med prøvedrift og lovande funn av sølv vart det ikkje noko meir. Kanskje hadde førekosten for låg gehalt, eller omfanget var for lite til at sølvgruva var drivverdig? Einaste sporet etter Lakshøl Sølgrube i dag er ei attgrødd og lite tilgjengeleg hole ved Lakshøl.

Fisk og friluftsliv

Henjaelvi er ein lokal ressurs for fiske. Frå elveosen og opp til Lakshøl går det laks og sjøaure. Lengre oppe i elva går bekkeauren, og i fjellvatna finst fjellaure. Fiske etter laks og sjøaure i nedste del av Henjaelvi er uorganisert, medan det høgare oppe er etablert fiskekortordning.

Elvesti

Mellan Gjerde og sentrum er det sti gjennom beitemark og langs elvekanten. I perioden juni - oktober verar i området, og gjennomgangen kan vere stengd.
Sjå skilt på grindar.



Den gamle trebygningen ved Sygna Ullvarefabrikk i Hagane. Foto: SFFF-1994093.0017



Ved Lakshøl blei det i 1880-åra funne førekomstar av sølv og sikt prøvedrift for «Lakshøl Sølgrube». Foto: SFFF-100057.120774

- | | | | |
|---|--------------|---|-----------------------|
| 1 | Kraftstasjon | 5 | Kraftstasjon |
| 2 | Saften | 6 | Sygna |
| 3 | Stampekloppi | 7 | Kommunal kraftstasjon |
| 4 | Lakshøl | 8 | Gjerde |

